

Tyinkryssset Hyttevel

PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTET I TYINKRYSSET HYTTEVEL

Langfredag 03. april 2026 kl. 17.00-18.30, Filefjellstuene

Sak 1: Velkomen, presentasjon av styret og godkjenning av innkalling

Presentasjon av styret v/ styreleder

Innkallinga blei godkjent.

Ikkje mogeleg å delta digitalt.

Sak 2: Konstituering

Tal stemmeberettiga: 34 hytter, inkl. 2 fullmakter.

Styret hadde følgjande framlegg til møtegjennomføring:

Ordstyrar: Tonny Nundal

Referent: Ingvill Eldegard.

Signering av årsmøteprotokoll: Jon Norman Melheim (medlem) og Hege Blom (styremedlem).

Det var ingen motforslag. Ovannemnde blei einstemmig valt.

Årsmøteprotokoll blir godkjent på 1. styremøte etter årsmøtet.

Sak 3: Ansvarsfriheit for styret

Ingen merknad.

Vedtak: Årsmøtet vedtek ansvarsfriheit for styret (einstemmig).

Sak 4: Gjennomgang av årsberetning frå styret v/leder

Moltumyr tok årsmøtet igjennom hovudpunkta i årsmeldinga.

Nundal informerte om planane og arbeidet som blir gjort frå Fredensborg Fritid.

Årsmeldinga inneheld informasjon om;

Tyinkrysset Hyttevel

- Arbeidet til styret
- Faste saker på styremøtene
- Kommunikasjon; nettside: Tyinkrysset Hyttevel – Vi representerer hytteeiere i Andstorfeltet ved Tyinkrysset.
- Høyringar
- Vedtekter
- Fredensborg Fritid (FF) /utbygging i området - Informasjonsmøte Fredensborg Fritid 12. mai
- Tyin Filefjell Hytteforum (TFH)
- Tyin Filefjell Turløyper (TFT)
- Medlemsutvikling

Nundal informerte om status og utvikling av Tyin/Filefjell / Fredensborg Fritid (FF).

FF sine planar for utbygging og deira vidare arbeid, der Synhaug- utbygginga, revidert plan, er varsla på høyring i løpet av våren.

Vi ventar og på reguleringsplan for Andstorfeltet.

Det var interesse frå årsmøtet om parkering/vinterveg til hyttene. Dette blei diskutert under sak 8, innkomne saker.

Moltumyr synte til informasjonsmøte Fredensborg Fritid skal halde 12. mai. Informasjon og påmelding ligg på Tyin Filefjell sine sider. Informasjon om møtet er og lagt ut på velforeininga sin facebook-side.

Moltumyr informerte om Tyin Filefjell hytteforum (TFH), Tyin Filefjell Turløyper (TFT) og medlemsoversikt for Tyinkrysset Hyttevel (ved årsskiftet er 113 betalande medlemmar).

Vedtak: Årsberetning for Tyinkrysset Hyttevel for 2025 godkjent (einstemmig).

Sak 5: [Gjennomgang og godkjenning av rekneskap for 2025 v/kasserer](#)

Kasserar Hege Blom gjekk gjennom rekneskapen for Tyinkrysset Hyttevel 2025.

Kasserar gjennomgjekk rekneskap for veglaget 2025.

Kasserar informerte årsmøtet kvifor Tyinkrysset Hyttevel krev inn løypeavgifta.

Ved sommar- vedlikehald betalar Tyinkrysset Hyttevel kun for vegane etter brua.

Parkeringsplassen og vegen til butikken blir utført utan kostnad. Utgifter til P-plassen vert KPI-regulert.

Tyinkrysset Hyttevel

Revisor var tilstades i møtet, og opplyste at han ikkje hadde merknader til rekneskapen til Tyinkrysset Hyttevel for 2025 og Veglaget for 2025.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskap til Tyinkrysset Hyttevel for 2025.

Vedtak: Årsmøtet tek rekneskap frå Veglaget 2025 til orientering.

Sak 6: Informasjon frå Veglaget og vegavgift

Tonny Nundal informerte om vegavgift og arbeidet til veglaget.

Nundal er Tyinkrysset Hyttevel sin representant i Veglaget. Grunneigarane har ikkje delteke i veglaget i 2025.

Nundal gjekk gjennom oppgåvene Veglaget har gjennomført i 2025.

Større oppgraderingar ligg på vent til ny reguleringsplan, og mogeleg omlegging av vegsystemet. Han informerte om at Jokerbutikken og avtalepartner Eviny har måtte utsette den planlagde installasjonen av elbil-ladere ved butikken grunna høge kostnader til anleggsbidrag, men at det er dialog mellom utbyggjarar, kommunen og nettselskapet.

Styret foreslår vinter- og sommaravgift for 2026:

Vegavgift vinter: Anbefalt vidareført med kr. 1250.

Vegavgift sommar: Anbefalt auke med kr. 50,- frå kr. 750,- til kr. 800,-

Kommentarar frå årsmøte:

Det var ønskje om meir ettersyn av vegane.

Det vart stilt spørsmål om behovet ein auke på kr. 50,- til sommaravgift. Nundal grunngav auken med fleire og større skader på vegane grunna klimaendringar og høgare kostnader til mellom anna sand, grus og anna materiell.

Vedtak: Årsmøtet tek orienteringa til etterretning.

Vedtak: Årsmøtet støttar satsane for vinter- og sommaravgift som foreslått (mot 1 stemme).

Sak 7: Fastsetting av kontingent

Styret foreslår å vidareføre årleg kontingent på kr. 400. Styret vurderer at kontingenten p.t. er tilstrekkeleg til å vidareføre dagens drift og aktivitetar.

Vedtak: Medlemskontingent for 2026 vert fastsett til kr. 400 (einstemmig).

Tyinkrysset Hyttevel

Sak 8: Innkomne saker

Styret fekk innan fristen tilsendt eit brev med 3 saker frå medlem i Tyinkrysset Hyttevel. Alle sakene blei tatt opp i årsmøtet og diskutert.

Styret hadde sendt ut tilleggsinformasjon til medlemmene i forkant, med ekstra framlegg til vedtak med fullmakt til styret om å kunne bruke inntil kr. 150.000 til kvalitetssikring av eventuelle framlegg frå FF knytt til veg og parkeringsløysingar i feltet.

Sak 1: Vinterbrøyting / vinterveg

Innsendar la sjølv fram innhald og meiningar frå brevet.

Medlem ynskjer vinterveg og meiner det går for lang tid å vente på FF. Han vil at Tyinkrysset Hyttevel skal ta initiativ sjølv til å oppgradere til vinterveg. Og om rettane knytt til parkeringsplassen kan brukast inn i ei forhandling om vinterveg.

Moltumyr svara på vegne av styret: FF har planer om vinterveg til feltet. Tørisvegen ligg allereie inne som vinterveg. Finndalsvegen er dels planlagt erstatta av ny vegløyising, med vinterveg og vinterparkering høgare i feltet. Velforeininga kan ikkje drive reguleringsarbeid. Vinterveg må sjåast i saman med løypenettet.

Styret: Om FF skal utvikle/bygge på parkeringa må dei gje medlemmane tilsvarende eller betre løysing for parkering/vinterveg. Ikkje alle medlemmane ynskjer vinterveg.

Kommentar frå Løypelaget: Løypelaget ønskjer at løypenettet vert regulert. Om det blir vinterveg må skiløypene få ny trasé.

Moltumyr oppsummerte og viste til høyringsuttalen Tyinkrysset Hyttevel ga om reguleringsplanen. Styret tek med seg innspel frå årsmøtet til vidare arbeid.

Styret bad årsmøtet om fullmakt til å bruke inntil 150.000,- for å kvalitetssikre forslag og utforming av vinterveg som Fredensborg Fritid føreslår, jfr saksutgreiing som var sendt ut på forhånd, 27.03.2026:

"Styret ser at det kan bli behov for å kvalitetssikre opplysningene som utbygger presenterer i reguleringsplanen. Styret ønsker å være trygg på det kunnskapsgrunnlaget som utbygger legger fram, med tanke på å sikre våre interesser. Dette kan kreve kjøp av ekstern bistand (konsulenttjenester). Styret ber derfor om fullmakt fra årsmøtet til å kunne disponere inntil kr. 150.000 til kjøp av ekstern bistand til dette formålet, dersom styret anser det som nødvendig. Midlene tas fra oppspart bankinnskudd.

Styrets forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner at styret kan disponere inntil kr. 150.000 til kjøp av ekstern bistand, jfr. ovenstående saksutredning. Fullmakten gjelder fram til årsmøtet 2027."

Tyinkrysset Hyttevel

Vedtak: Styret sitt framlegg vart vedtatt, mot 1 stemme.

Sak 2: Brev frå grunneigar

Innsendar la sjølv fram saka. Vedlagt ved innbetaling av festeavgift fekk medlem i tillegg eit brev frå grunneigarlaget. Innhald i brevet var nye retningslinjer/reglar for festar. Styret fekk sommaren 2025 informasjon frå medlemmar om dette brevet. Styret tok hausten 2025 ein spørjerunde til medlemmane; og fekk melding om til saman 4 som hadde motteke likelydande brev.

Sak 3: Driftsperiode i skiheisane

Innsendar la sjølv fram saka. Innsendar ga utrykk for altfor tidleg stenging av Tørisheisen i 2026. Siste opningsdag var 2. påskedag. Grunngeving for stenging av skiheisen er lite snø.

Styret tar med synspunktet i vidare høyringar og dialog med utbyggjar.

Sak 9 Val

Framlegg frå valkomiteen

Innstilling frå valkomiteen ved John Normann Melheim og Bjørn Roald Larsen blei gjennomgått i årsmøtet.

Styret:

Leiar:	Tord Moltumyr	2026 - 2027
Kasserer:	Hege Blom	2026 - 2028
Styremedlem:	Anne Karin Skjær	2026 - 2028 (ny)
Styremedlem:	Arvid Longva	2026 – 2028 (ny)

Ingen andre kandidatar melde seg.

Vedtak: Valkomitéen sitt framlegg vart einstemmig vedteke.

Styremedlem: Hilde Hauge, 2025 - 2027
Var ikkje på val no, vald på årsmøtet i 2025, og held fram.

Fredensborg Fritid (FF), arbeidsutval, 2025 – 2027 (var ikkje på val no):

Tonny Nundal, leiar
Hilde Hauge
Hege Blom

Tyinkrysset Hyttevel

I møtet kom det framlegg om å utvide arbeidsutvalet med ekstra representant. Styret avgjorde å ikkje behandla framlegget, da det ikkje var meldt inn rettidig som sak til årsmøtet.

Revisor:

Lars Inge Tordal, 2026 – 2027

Vedtak: Einstemmig vald

Tyinkrysset Hyttevel, representantar i veglaget:

Tonny Nundal, leiar 2026 - 2027

vara Dag Henaug 2026 - 2027

Vedtak: Einstemmig vald.

Årsmøtet sluttar seg til kandidaten grunneigarlaget vel 2026-2027.

Valkomit :

John Normann Melheim 2026 - 2027

Bj rn Roald Larsen 2026 - 2027

Vedtak: Einstemmig vald.

Tord Moltumyr takka Monica Fønnes og Ingvill Eldegard for innsatsen i styret. Han takka for årsmøtet og  nskte vel heim.

M teslutt kl. 18.30

For Styret:


Hege Blom

DocuSigned by:

Sign. 25C0EC48094D45B...

Fr   rsm tet:

John Normann Melheim

Signed by:

Sign. AF64ED2C4A2B40D...

Kommentar - etter m teslutt:

Brede Eriksen stiller som kandidat til styret i TFH som erstattar for Dagfinn Kvinge.